

MØTEPROTOKOLL

Utval: Personal og økonomiutvalet
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 05.02.2007 **Tid:** 15.30-18.25

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 5 medlemmer møtte 5 , inkl. 0 varamenn:

Andre som var tilstade på møtet: Adm.sjef Ramsli og ass.adm.sjef Våge under heile møtet.

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 7. februar 2007

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen vart godkjent.

UTVALET SITT KVARTER:

Elin Liøen stilte spørsmål om utbygging av fleirbustadhus og omfanget av dette er i samsvar med reguleringsplanane for Helgatona og Lønnebakken.

Adm. sjefen orienterte om at kommunen har i sitt felt på Lønnebakken teke inn i forskriftene at det kan byggjast ulike typar hus på ein del av tomtene. Dette har skjedd gjennom vedtak om endringar i forskriftene. Adm. sjefen kunne ikkje svare for korleis forskriftene for den private reguleringsplanen i Helgatona var utforma. Denne informasjonen finnast på teknisk eining.

Brigt Olav Gåsadal viste til oppslag i media om kommunale innkjøp som det var reist spørsmål ved. Han ba om informasjon om kva praksis kommunen har, særleg på kjøp av konsulenttenester.

Adm. sjef viste til innkjøpssamarbeidet med Bergen, og dei avtalane som me har gått inn på her. Desse avtalane er framforhandla av Bergen kommune. EØS-avtalen set og føringar på korleis kommunen kan gjennomføra innkjøpa. Staten har etablert ein database (Doffin) der kommunane legg ut anboda sine. Administrasjonen vurderar t.d. om me i større grad skal kjøpa inn konsulenttenestar etter anbod.

Helge Reistad stilte spørsmål om kva som er gjort med dei tilsette på Skottebakken då han er kjend med at det er færre som skal ha tenester frå dei.

Adm. sjefen orienterte om at det vart gitt melding om endringar i etterspurnaden i tenestene før endeleg tilsetting, og det var tilsett ut frå det. Sjølv om det er ein bebuar mindre enn det som låg til grunn for tildelt økonomisk ramme, vert det berre frigjort mindre midlar då krav til bemanning og kvalitet tilseier at det må vera to tilsette på jobb på ettermiddagane sjølv om det er ein bebuar mindre enn opphavleg tenkt.

Jon Magne Bogevik stilte spørsmål om ambulansetenesta og om kommunen bør gå saman med Nordhordlandskommunane, jfr. artikkel i BT.

Ordføraren orienterte om det som er gjort i høve til å få ambulansesaka på dagsorden. Ho vil vidare m.a. ta kontakt med leiar og styremedlemmer i Helse Bergen, m.a. saman med ordføraren i Fusa. Ho har og teke det opp i regionrådet og KS, og det kan og vera aktuelt å ta kontakt med Nordhordlandskommunane.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Ordføraren meldte inn om at det er kome søknad frå *Norsk Bane AS* om tilskot. Utvalet slutta seg til at administrasjonen førebur dette som sak til neste møte.

Ordføraren orienterte om arbeidet til jubileumskomiteen – Samnanger 100 år i år. Det vert lagt opp til ei heil jubileumsveka med mange aktivitetar frå 11-17 juni. Elles er lag og organisasjonar oppmoda til å delta då og gjennomføre arrangement gjennom heile året.

Ordføraren orienterte om ambulansetenesta og kommunen sitt møte med departementet, den 31.01.07. Det vert no drøfta alternativ for korleis kommunen ønskjer å ha ambulansetenesta i

Samnanger. Ordføreren vil ta kontakt med styret i Helse Bergen om sjølve handsaminga og flyttinga av ambulansetenesta til Fusa.

Kompetansesenteret for Småkraft er inne i ein spennande fase. Med det første vil det verte tilsett prosjektleiar som skal leia prosjektet, og utarbeida forslag på forretningsplan. Etter planen vil saka koma til kommunestyret i april. Det vil også verte utarbeidd ei eigen brosjyre om visningsanlegga.

Ass.adm.sjef orienterte om ny arbeidstidsavtale for skulen. Avtalen har vore drøfta med utdanningsforbundet og ser ut til å verte underskriven i god tid før fristen 1 april. Oppvekst og omsorg har vedteke i tråd med intensjonane i avtalen å krevje fordjuping i basisfag ved nytilsetting. Utvalet vedtok også at skulane skal etablere system for skulevurdering og årleg setje seg utviklingsmål.

Adm .sjefen orienterte om forventta rekneskapsresultat. Dette er svært bra, men administrasjonen ønskjer å gje ein del informasjon om problem med budsjettet for 2007 samstundes som rekneskapsresultatet vert presentert. Ein del større inntektspostar er overbudsjettet, og dei må korrigerast. Overskotet kan nyttast til det. Administrasjonen vil førebu melding til kommunestyret den 15.02.2007.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0001/07	07/00026 PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON
0002/07	02/00400 GODKJENNING AV BYGGJEREKNEKSKAP FOR SVØMMEBASSENG
0003/07	07/00045 HELSEFAGARBEIDAR - TAF-ELEVAR/LÆRLINGAR I SAMNANGER

0001/07

PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON

Framlegg til vedtak::

Handsaming i møte:

Marit Aase sette fram følgjande fellesframlegg:

”Plan for forvaltningsrevisjon vert vedteken slik han ligg føre med følgjande presiseringar og korrigeringar:

1. Avsnitt om planverk s.3 vert endra slik:

Samnanger kommune har dei siste åra arbeidd med å revidera kommuneplanen.

Når det gjeld arealdelen i planen har kommunen vektlagt brei innbyggjarmedverknad med m.a. folkemøte i alle grendene i kommunen. Det kom inn mange innspel.

Naturutvalet har vore styringsgruppe. Arealplanen er gjeldande frå 2004.

Samfunnsdelen i kommuneplanen vert handsama i kommunestyret i april. Her og har det vore lagt opp til brei deltaking. Politikarar, tilsette v/tillitsvalde og ulike innbyggjargrupper har vore inviterte med i grupper og ”framtidswerkstader”. Her har PØ-utvalet, gruppeleiarar frå H og Sp og adm.leiargruppe vore styringsgruppe. Kommunevåpenet med dei seks dråpane har hatt stort fokus.

Samnanger kommune er ellers med i fleire nettverksam arbeid i KS-regi. Det har og jamleg vore gjennomført ulike brukar- og medarbeidarundersøkingar innan skule- og pleie- og omsorgsektoren. Kommunen har fokus på evaluerings- og oppfølgingsprosessar knytt til desse undersøkingane.

Kommunestyret har i ”Personalpolitiske retningslinjer” bestemt at det skal gjennomførast medarbeidar- og utviklingssamtalar i organisasjonen. Desse samtalanene har no prioritet.

Kommunen har ein aktiv bruk av KOSTRA, m.a. er dette synleg i årsmelding og budsjettarbeid.

Frå politisk og administrativt hald kjem det tydeleg signal om at det er behov for auka ressursar til vidare plan- og utviklingsarbeid i kommunen.

Kommunestyret sette av midlar i budsjettet for 2007 til m.a. strandsoneplan, kulturplan, ulike bustadplanar og plan for bu og dagsenter for funksjonshemma.

Ruspolitisk handlingsplan er endeleg inne i slutfasen no. Det har kome mange flotte innspel frå ulike høyringspartar som har gitt uttale.

2. Framlegg til prioritering.

Med bakgrunn i k.st. vedtak i budsjett 2007 vert følgjande prioritert: Forvaltningskontroll for områda bemanning og kompetanse i teknisk eining og i sentraladministrasjonen.

Kontrollutvalet og PØ-utvalet samarbeider om gjennomføringa av denne konkrete forvaltningskontrollen.

Kontrollutvalet har det formelle og overordna ansvaret i høve til forskrift for kontrollutvalet.

3. Kommunestyret vil sjølv foreta eventuelle endringar eller omprioriteringar i planen. Jfr. § 10 i forskrift om kontrollutvalet.”

Vedtak:

Plan for forvaltningsrevisjon vert vedteken slik han ligg føre med følgjande presiseringar og korrigeringar:

1. Avsnitt om planverk s.3 vert endra slik:

Samnanger kommune har dei siste åra arbeidd med å revidera kommuneplanen.

Når det gjeld arealdelen i planen har kommunen vektlagt brei innbyggjarmedverknad med m.a. folkemøte i alle grendene i kommunen. Det kom inn mange innspel.

Naturutvalet har vore styringsgruppe. Arealplanen vart vedteken i kommunestyret

Samfunnsdelen i kommuneplanen vert handsama i kommunestyret i april. Her og har det vore lagt opp til brei deltaking. Politikarar, tilsette v/tillitsvalde og ulike innbyggjargrupper har vore inviterte med i grupper og ”framtidswerkstader”. Her har PØ-utvalet, gruppeleiarar frå H og Sp og adm.leiargruppe vore styringsgruppe. Kommunevåpenet med dei seks dråpane har hatt stort fokus.

Samnanger kommune er elles med i fleire nettverksam arbeid i KS-regi. Det har og jamleg vore gjennomført ulike brukar- og medarbeidarundersøkingar innan skule- og pleie- og omsorgsektoren. Kommunen har fokus på evaluerings- og oppfølgingsprosessar knytt til desse undersøkingane.

Kommunestyret har i ”Personalpolitiske retningslinjer” bestemt at det skal gjennomførast medarbeidar- og utviklingssamtalar i organisasjonen. Desse samtalanene har no prioritet.

Kommunen har ein aktiv bruk av KOSTRA, m.a. er dette synleg i årsmelding og budsjettarbeid.

Frå politisk og administrativt hald kjem det tydeleg signal om at det er behov for auka ressursar til vidare plan- og utviklingsarbeid i kommunen.

Kommunestyret sette av midlar i budsjettet for 2007 til m.a. strandsoneplan, kulturplan, ulike bustadplanar og plan for bu og dagsenter for funksjonshemma.

Ruspolitisk handlingsplan er endeleg inne i sluttfasen no. Det har kome mange flotte innspel frå ulike høyringspartar som har gitt uttale.

2. Framlegg til prioritering.

Med bakgrunn i k.st. vedtak i budsjett 2007 vert følgjande prioritert: Forvaltningskontroll for områda bemanning og kompetanse i teknisk eining og i sentraladministrasjonen.

Kontrollutvalet og PØ-utvalet samarbeider om gjennomføringa av denne konkrete forvaltningskontrollen.

Kontrollutvalet har det formelle og overordna ansvaret i høve til forskrift for kontrollutvalet.

3. Kommunestyret vil sjølv foreta eventuelle endringar eller omprioriteringar i planen. Jfr. § 10 i forskrift om kontrollutvalet.

0002/07

GODKJENNING AV BYGGJEREKNEKSKAP FOR SVØMMEBASSENG**Framlegg til vedtak::****Handsaming i møte:**

Det vart vist til avhalde møte med Asplan Viak 05.02.07. Tone Ramsli, Knut Steinsland og Marit A. Aase møtte frå kommunen. Konklusjonen vart at Samnanger kommune ikkje kan venta seg å få imøtekoma førespurnaden om reduksjon i konsulent- og byggjeleiarkostnadene. Kommunen skal få ei ny skriftleg grunngjeving og vurdering på ovanstilte spørsmål i tillegg til det me alt har motteke.

Marit Aase sette fram følgjande framlegg: ”Byggjerekneskapen for symjebassenget vert godkjent slik ha ligg føre.”

Det vart røysta. Framlegget fekk 4 røyster og 1 røysta i mot.

Vedtak:

Byggjerekneskapen for symjebassenget vert godkjent slik ha ligg føre.

0003/07

HELSEFAGARBEIDAR - TAF-ELEVAR/LÆRLINGAR I SAMNANGER**Framlegg til vedtak::**

Samnanger kommune opprettar ein praksis-/læreplass for TAF-elev (helsefagarbeidar) frå hausten 2007. Dersom det vert inngått TAF-kontrakt med ein elev hausten 2007, skal utgiftene til dette i 2007 dekkast ved å omdisponera frigjorte midlar i eit tiltak for funksjonshemma.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune opprettar ein praksis-/læreplass for TAF-elev (helsefagarbeidar) frå hausten 2007. Dersom det vert inngått TAF-kontrakt med ein elev hausten 2007, skal utgiftene til dette i 2007 dekkast ved å omdisponera frigjorte midlar i eit tiltak for funksjonshemma.